



Trikseshow

Cupdiskotek

Kiosk

Kafé



1995-2025

Bohlefotball

Program

Hoppeslott

Aktivitetar

Seljecup 2025

Grillselskap

13. - 15. juni



Velkommen til årets fotballfest!
www.seljecup.no

VÅRE HOVUDSPONSORAR:





Velkommen til Seljecup 2025

Selje Idrettslag har igjen gleden av å ønske alle hjartelig velkommen til Seljecup. Vår tradisjonsrike og svært populære cup blir i år arrangert for 29. gang. Med unntak av de to åra med pandemi 2020 og 2021 så har Seljecup blitt arrangert hvert år siden 1995. Påmeldinga til årets cup har vore veldig stor, ca. 170 lag med om lag 1300 spelarar deltek. Cupen vart tidleg fullbooka, og mange lag har såleis ikkje fått plass, dette pga. kapasitet med omsyn til overnatting og/eller kampavvikling.

Vi håpar alle på ein cup med mykje flott fotball, vennskap og glede. Selje IL legg stor vekt på FairPlay og har fire gonger blitt kåra som "Årets FairPlay-klubb" i Sogn og Fjordane. La oss alle hjelpe kvarandre til FairPlay både på og utanfor bana. FairPlay handlar om mykje meir enn gule og raude kort. Det handlar om respekt, verdiar, inkludering og gode haldningar.

I år har Seljecup sett fokus på «Kampen mot barnedemens». Ved hjelp av rause og gode aktørar både i næringslivet og privat har Selje IL samla inn ca. kr. 70.000,- som går til denne hjertesaka. 800stk grønne armband er kjøpt inn og som blir delt ut til alle med C-kort, funksjonærar m.m. Sjå opp for superhelten Justboy som kjem til Seljecup på laurdag. Meir om aksjon «Kampen mot barnedemens» på nettside: www.seljecup.no

Seljecup legg som vanleg opp til eit rikholdig program også utanom kampane med ulike aktivitetar. Vi rettar ei stor takk til alle våre dugnadsfolk som kvar på sin plass gjer ein fantastisk innsats for å få arrangementet i hamn. Vi håpar at alle får eit triveleg opphald og mange gode minne å ta med seg frå årets cup. Vi skal gjere vårt beste for at Seljecup skal bli ein ny suksess.

for Seljecup 2025
Atle Solheim - turneringsleiar

Cup program

Fredag 13. juni

frå kl. 17.00 Mottaking/registrering av lag
19.00-20.30 Kampar G10, J10, J11, G12
kl. 20.00-22.30 Kveldsmat i Selje Samfunnshus for overnattande lag med C-kort

Laurdag 14. juni

kl. 7.00-10.00 Frukost i Selje Samfunnshus for overnattande lag m/C-kort
frå kl. 8.00 Mottaking/registrering av lag
kl. 8.00-21.00 Klasse: G10, G11, G12, G13, G14, J10, J11, J12, J13, J14
frå kl. 12.00: Trikseshow laurdag og søndag
kl. 12.00-15.00 Lunch i Selje Samfunnshus for overnattande lag med C-kort
kl. 16.00-20.00 Grillselskap, servering av grillmat. Middag for overnattande lag med C-kort.
17.30- «Scenen er din»/karoke med DJ John Erik Strøm i Selje samfunnshus
20.00-23.00 Cup-diskotek m/DJ John Erik Strøm i Selje Samfunnshus. Aldersgrense 10-16 år. Gratis for alle cupdeltakarar.

Søndag 15. juni

kl. 7.00-10.00 Frukost i Selje Samfunnshus for overnattande lag med C-kort. Adgang til å smørje lunchpakke.
kl. 8.00-14.00 Klasse: G10, G11, G12, J10, J11, J12. Sluttspel 13 og 14 år.
kl. 13.00-17.00 Grillselskap, servering av grillmat.

«Kongleriket»

søndag 15. juni

turnering 6-9 år kl. 13.45 - ca. 18.00:

frå kl. 13.00 Mottaking/registrering av lag i miniklasser 6-9 år.
kl. 13.45-18.00 «Kongleriket» miniputt-turnering på 14 baner. G6, G7, J6, J7 spelar 3-ar på 6 baner m/vant ved skulen. G8, G9, J8, J9 spelar 5-ar på 8 baner på stadion. Fokus på frukt/grønt/sunn idrettsmat.



Aktivitetar/program:

Trikseshow. Hoppeslott. Boblefootball. Fotballradar. Aktivitetar. Klatrepark v/stadion. Grillselskap laurdag og søndag ettermiddag. Trekning av gavepremiar. Cup-diskotek.

Serveringstilbod:

Kiosk v/tribuna – Kafetelt v/skulen - Sal av grillmat laurdag og søndag ettermiddag. MIX Selje salsvogn ved skulen.



Velkomen til Stad kommune og velkomen til Selje!

Den årlege Seljecup-en samlar igjen ei fantastisk mengde fotballglade born, unge og vaksne for å feire idretten nokre dagar i verdas vakreste omgivelser. Omlag 170 lag og 1300 spelarar skal møtast, konkurrere, bli kjende, nokon skal vinne, andre må sjå at kampen vert tapt – men vinn likevel fellesskap, idrettsglede og samhald.

Eg er så stolt over det fokuset Seljecup har hatt på fair play gjennom alle åra cupen har vore arrangert – ta ballen, ikkje spelaren! Det er lærdom både born og vaksne treng, og som ofte elles går borna føre med eit godt eksempel. Denne haldninga er henta frå tradisjonane og haldningane til alle dei som er med på å arrangere cupen, i år og i alle år før. Det ligg i fotballsjela i Selje IL.

Eg er også stolt over at fokuset i år på barnedemens. Vi var mange som vart rørt av "Team Pølsa" i vinter, og det at Seljecup vel å faktisk gjere noko med det, varmar hjarta.

Så vil eg rette ein stor takk til alle frivillige enkeltpersonar og idrettslag for den folkefesten de lagar år etter år. Det er mykje arbeid, mange ting som må stemme, men de får det til – kvart einaste år. Tusen takk!

Og til alle spelarar! Nyt dagane, nyt fotball, vennskap, siger og tap. Eg håpar de får fine dagar med is, sol og bading ved sidan av kampane, og om ikkje er det mange fine turar å ta - både korte og lange. La denne cupen bli ein del av minna du vil ta fram når du er vaksen.

Lykke til med cup og kamp!



Judith Kvåle
Ordførar Stad kommune

Deltakarlag Seljecup 2025

G6

Bremanger, Eid gul, Eid svart, Frøy, Heia, Selje, Stadlandet, Tornado blå, Tornado kvit, Vanylven blå

G7

Eid blå, Eid gul, Eid svart, Haugen, Kjølisdalen, Selje, Skavøypoll 1, Skavøypoll 2, Stadlandet, Stadlandet 2, Svelgen 1, Svelgen 2, Tornado blå, Tornado gul, Tornado kvit, Vanylven blå, Vanylven kvit, Åheim

J6

Eid gul, Eid svart, Flatraket, Selje, Skavøypoll, Stadlandet, Tornado, Vanylven kvit

J7

Bremanger, Eid, Frøy, Selje, Skavøypoll, Svelgen, Tornado

G8

Eid gul, Eid svart, Flatraket, Frøy, Haugen, Heia, Selje, Stadlandet, Tornado blå, Tornado hvit, Vanylven

G9

Eid gul, Eid svart, Frøy, Haugen, Heia, Kjølisdalen, Selje, Skavøypoll, Stadlandet, Stadlandet 1, Svelgen, Tornado blå, Tornado kvit, Vanylven

J8

Eid gul, Eid svart, Frøy, Heia, Tornado blå, Tornado hvit, Vanylven

J9

Eid, Flatraket, Frøy, Haugen, Selje, Stadlandet, Tornado, Vanylven

G10

Bremanger, Eid, Guard/Rollon, Skavøypoll, Tornado 1, Tornado 2

J10

Blindheim, Eid 1, Eid 2, Selje, Stadlandet, Tornado, Volda grøn

G11

Austrheim Løve, Austrheim Tiger, Blindheim blå, Blindheim hvit, Blindheim svart, Bremanger, Eid, Flatraket/Selje, Guard, Sandane 1, Sandane 2, SIF/Hessa rød, SIF/Hessa sort, Rollon, Stadlandet, Sula blå, Sula grøn, Tornado, Volda grøn, Volda svart, Ørsta kvit, Ørsta svart

G12

Bergsøy kvit, Bergsøy raud, Florø 1, Florø 2, Guard/Rollon blå, Guard/Rollon hvit, Guard/Rollon rød, Måløy blå, Måløy rød, Sandane, Selje/Flatraket, Valder, Volda grøn, Volda kvit

J11

Blindheim hvit, Blindheim svart, Breimsbygda, Larsnes, Sandane, Selje, SIF/Hessa, Tornado, Volda grøn, Volda kvit, Ørsta, Ørsta kvit

J12

Austrheim, Breimsbygda, Eid, Hødd blå, Hødd kvit, Larsnes, Selje, Valder

G13

Bergsøy kvit, Bergsøy raud, Langevåg 1, Langevåg 2, Stadlandet, Tambarskjelvar, Valldal

G14

Langevåg, Larsnes, Sandane, Selje, Tambarskjelvar

J13

Hødd, Måløy, Måløy 1, Sandane, Vigra

J14

Måløy, Sandane, Stadlandet/Selje, Vanylven

Klasseinndeling

Klasse		Speletid	Lag
6-9 år			
G6	Gutar 6 år	1 x 10 min.	3-ar
G7	Gutar 7 år	1 x 10 min.	3-ar
J6	Jenter 6 år	1 x 10 min.	3-ar
J7	Jenter 7 år	1x 10 min.	3-ar
G8	Gutar 8 år	2 x 10 min.	5-ar
G9	Gutar 9 år	2 x 10 min.	5-ar
J8	Jenter 8 år	2 x 10 min.	5-ar
J9	Jenter 9 år	2 x 10 min.	5-ar

10-14 år:

G10	Gutar 10 år	2 x 12 min.	7-ar
J10	Jenter 10 år	2 x 12 min.	7-ar
G11	Gutar 11 år	2 x 12 min.	7-ar
G12	Gutar 12 år	2 x 12 min.	7-ar
J11	Jenter 11 år	2 x 12 min.	7-ar
J12	Jenter 12 år	2 x 12 min.	7-ar
G13	Gutar 13 år	2 x 12 min.	7-ar
J13	Jenter 13 år	2 x 12 min.	7-ar
G14	Gutar 14 år	2 x 12 min.	7-ar
J14	Jenter 14 år	2 x 12 min.	7-ar



Aksjon

«Kampen mot Barnedemens»


Seljecup/Selje IL rettar ei stor takk til alle støttespelarane våre, som har bidrege i «Kampen mot Barnedemens».

800 stk armband blir utdelt til deltakarar/overnattande lag, funksjonærer m.m.

Sjå seljecup.no

Desse har bidrege i aksjonen:

Sparebanken Norge, Coop Nordvest, Simona Stadpipe, Båtbygg, Ervik Group, UNU, Pelagia Selje AS, Toyota Nordfjord og Førde, Sætren AS, Bilbody AS, Kvernevik AS, Dragebygg AS, Rekdal Mekaniske, Nomil, Husvåg Rør, Svein Arne Rekdal, Vennerfest 17. mai.





Postboks 132 - 6701 Måløy - Tlf.: 57 85 36 50 - Fax: 57 85 36 51 - www.mhsservice.no



Vi fører alt av engansutstyr og takker for tilliten som leverandør til Seljecup



Ein ny bank du allereie kjenner

No er me Sparebanken
Norge. Me er framleis dei
same lokale folka med det
same lokale engasjementet.

sbnorge.no



Vi sponsar idrettsglede!

LES MEIR PÅ enivest.no/sponsor
57 00 91 00 | enivest.no

Din lokale breibandsleverandør i Sogn og Fjordane

enivest



Autorisert bilverksted

6740 Selje - tlf.: 57 85 65 45 - 945 02 952

BENSIN - OLJE - BILREKVISITA



Synste Møre



RIKSBYGG



SELJE CAMP- & HYTTESENTER

6740 Selje - Tlf.: 57 85 62 43 - www.seljecamping.com

